



Arkivnr: 2015/2073-182

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2Bakgrunn for saka:**Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 73/17 i møte 04.10.2017:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningiar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningiar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk
6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
 1. Avviksmelding og -handtering.
 2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varslig.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Drøfting:

Vedlagte handlingsplan dagsett 17.09.2017 vart motteke 24.11.2017 i tråd med punkt 8 i vedtaket over.

Sekretariatet ser positivt på det forbettingsarbeidet som er starta opp i samband med forvalningsrevisjon av NDLA – Del 2. Av handlingsplanen går det fram at mykje av arbeidet allereie er sett i verk, men at det meste av det som står att vil vera ferdig gjennomført i løpet av første kvartal 2018 og resten i løpet av første halvår 2018. Når det gjeld punkt 6 vil det vera ei føremon om det vert dokumentert at leiar har kontrollert at alle medarbeidarane har vore gjennom det årlege sjølvstudiumet. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet ber om ny status i forbettingsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 16.04.2018.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 16.04.2018.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvalningsrevisjon av NDLA – Del 2.
2. På bakgrunn av at det meste av forbettingsarbeidet skal vera ferdig i løpet av første kvartal 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 16.04.2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Vedlegg

- 1 Svar på partsbrev NDLA 2 1
- 2 Vedlegg 1 Innkjøpskurs
- 3 Vedlegg 2 Rutinar for fakturahandsaming
- 4 Vedlegg 3 Rutinar innkjøp
- 5 Vedlegg 4 Innkjøpssjekkliste
- 6 Vedlegg 5 Databehandlaravtale
- 7 Vedlegg 6 Rutinar for varsling i NDLA
- 8 Vedlegg 7 Rutinar for avvikshåndtering i NDLA